



Radøy kommune

Dato: 09.12.2014

Vår ref.: 2014/13126-9

Saksbehandlar: annvabo

Dykkar ref.: 14/3005 - 14/12086

## Fråsegn til oppstart av detaljreguleringsplan for Svena fritidsbustader - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 6. november 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Svena fritidsbustader. Hovudføremålet med reguleringsa er fritidsbustad og småbåthamn. I kommuneplanen er området sett av som hytteområde. I gjeldande reguleringsplan for Rossneset frå 1982 er det avsett to hyttetomtar og to nausttomtar, denne reguleringsplanen gjeld føre kommuneplanen.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vi har gitt innspel til tidlegare planarbeid i brev av 4. januar 2008 og 15. mai 2014.

### Vurdering og innspel

Vi viser til våre innspel til planarbeidet i vår fråsegn datert 15. mai 2014. Det er positivt at plangrensa vert utvida i tråd med fråsegna.

### Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Den 11.12.2014 blei det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring av det aktuelle området. Det blei ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for funn blei vurdert lågt. Vi finn det ikkje naudsint å gjera ytterlegare undersøkningar. Det er ei rekke nyare tids kulturminne i form av steingardar i området. Vi ber om at det så langt som råd vert tatt omsyn til desse i den vidare planlegginga av området.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

## Oppsummering

Hordland fylkeskommune viser til innspel til planarbeidet i fråsegn datert 15. mai 2014.

Fylkeskommunen ber om at det vert tatt omsyn til nyare tids kulturminne i området, i form av steingardar, i den vidare planlegginga.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planeksjonen

Monika Serafinska, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest